

# BOKN KOMMUNE

## Formannskapet

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 05.04.2016

**Møtetid:**

Kl. 19:00 –

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:**

026/16 - 034/16

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Ingen forfall			

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>
Eirik Nedrebø	33/16 og 34/16	

<b>Møteleiar:</b>	Tormod Våga
<b>Frå adm. møtte:</b>	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingunn Toft, Kåre Bua
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	AP. Eldrerådet har ikkje hatt sakene i forkant. Korleis er retningslinjene for kva saker som skal opp i eldrerådet? - Eldrerådet lagar sin eigen møteplan. Spørsmål frå H: Kor har kommunen plassert sine fond? - Alle kommunen sine pengar står på bankkonto. Kommunen sine låneopptak er delvis fast og flytande rente ihht. Finansreglementet.
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	Arild Karlsen frå Omega orienterte om planstrategi.

Underskrifter:

---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
026/16	Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016
027/16	Framtidig kommunestruktur - folkeavrøysting i Bokn kommune.
028/16	Gnr. 11 bnr. 185 - Magne og Finn Alvestad - kjøp av 2 tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri
029/16	Arbeidet med Planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2020
030/16	Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.
031/16	Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.
032/16	Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.
033/16	Søknad om støtte frå næringsfondet.
034/16	Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.

## **026/16: Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-026/16 VEDTAK:**

Møteboka vart godkjent slik ho låg føre.

## **027/16: Framtidig kommunestruktur - folkeavrøysting i Bokn kommune.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Formannskapet vedtar følgjande reglar for rådgjevande folkeavrøysting om samanslåing av kommunane Bokn og Tysvær:

1. Dato for rådgjevande folkeavrøysting i spørsmål om samanslåing av Bokn og Tysvær blir sett til måndag 20. juni 2016.
2. Røysterett har dei som er folkeregistrert som busett i Bokn kommune 10. april 2016. Dersom ein nyleg har flytta må melding om flytting vera motteken i folkeregisteret innan 10. april 2016.
3. For å ha røysterett må, i tillegg til å vere busett, følgjande kriterium vere oppfylt:
  - Norske statsborgerar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016 og som er, eller har vore, registrerte som busette i Norge.
  - Statsborgerar i andre nordiske land som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge seinast 10. april 2016.
  - Andre utanlandske statsborgerar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge samanhengande dei 3 siste åra før valdagen, som er 20. juni 2016.
4. Mantalet vert lagt ut til offentleg ettersyn i Bokn servicetorg så snart mantalet er klart og vil ligg ute til valdagen.
5. Førehandsrøysteperioden blir vedtatt sett til perioda frå 20. mai til 17. juni der førehandsrøystestaden blir lagt til Servicetorget.
6. Stad for rådgjevande førehandsrøysting er Allrommet Boknatun.
7. Opningstida for folkeavrøystinga blir sett til kl. 09.00 – 20.00.
8. Rådmannen administrerar det praktiske arbeidet med folkeavrøystinga og utpeikar valmedarbeiderar og røystestyre.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

## **FS-027/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt. Med fylgjande endring:

- 1) Pkt. 8 Formannskapet er røystestyre.
- 2) Pkt. 3 For å ha røysterett må, i tillegg til å vere busett, *eit av* følgjande kriterium vere oppfylt:
- 3) Pkt. 7. opningstid kl. 08.00 – 20.00

## **028/16: Gnr. 11 bnr. 185 - Magne og Finn Alvestad - kjøp av 2 tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Bokn kommune sel arealet på sjølve Knarholmen og/eller arealet på land nord for moloen til eit eller to selskap under stifting ved Finn M. og Magne Alvestad.

Området på sjølve Knarholmen som er regulert til næringsføremål har eit landareal (På Knarholmen og på 3 små holmar) på ca. 2.380 kvm og eit sjøareal på 6.120 kvm til saman 8.500 kvm.

Det aktuelle området på landsida nord for moloen, som er regulert til næringsføremål, har eit landareal på ca. 3.020 kvm og eit sjøareal på 2.030 kvm til saman 5.050 kvm.

Kjøparen betaler for landarealet gjengs pris for ikkje opparbeid areal i området, kr. 85,- pr. kvm. Regulert sjøareal fylgjer med på kjøpet. I tillegg betaler kjøpar handsamingsgebyr for utskiljing, oppmålingsgebyr, tinglysingsgebyr for målebrev og skøyte samt dokumentavgift.

2. Reguleringsplan med føresegner og grunneigarerklæring ligg til grunn for salet. Kjøpar ber alle kostnader som måtte koma som fylgje av planar som er i motstrid med desse.
3. Kjøparen må syta for naudsynte godkjenningar og alle kostnader som kjem som fylgje av at molo skal nyttast som tilkomstveg.
4. Dersom det innan 31.12.2020 ikkje er kome i gong arbeid med opparbeiding av areala, har Bokn kommune rett til å kjøpa tilbake begge eller kvart av dei selde tomtene til same nominelle pris som ein no sel for. Kostnader knytt til sal og eventuelt tilbakekjøp skal betalast av selskap som no kjøper.
5. Etter vedtak i Bokn formannskap skal kommune snarast senda tilbod til søkjar i samsvar med vedtak. Om kommunen ikkje har fått aksept på tilbodet innan 31.07.2016 fell det bort. Når kommunen har mottatt aksept, skal ein snarast setja i gong sak om utskiljing. Straks utskiljing og oppmåling er gjennomført, blir tomte/tomtene fakturerte med 30 dagers betalingsfrist. Når tomte/tomtene er betalt blir ho/dei skøyta over til kjøpar. Ved manglande oppgjer fell tilbodet bort.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-028/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

## **029/16: Arbeidet med Planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2020**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap aksepterer tilbudet frå Omega as om bistand i arbeidet med å utarbeide planstrategi for kommunen innan ei kostnadsramme på kr. 100.00,-

Utgiftene vert dekkja ved overføring av midlar frå Reserverte løyvingar, budsjettpost 1000.120.1490.

Forslag frå Kari Christensen AP: saka vert utsett pga. kort behandlingstid.  
Forslaget vart ikkje vedtatt (6 mot 1 stemme AP)

Forslag frå Kari Christensen AP; Rådmannen sitt forslag til vedtak vert sendt til Kommunestyret for endeleg behandling.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-029/16 VEDTAK:**

Bokn formannskap aksepterer tilbudet frå Omega as om bistand i arbeidet med å utarbeide planstrategi for kommunen innan ei kostnadsramme på kr. 100.000,-

Utgiftene vert dekkja ved overføring av midlar frå Reserverte løyvingar, budsjettpost 1000.120.1490.

Forslaget vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (AP)

## **030/16: Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn kommunestyre har gjennom tidlegare vedtak om bruk av fond til investeringar og drift i all hovudsak brukt opp kommunens fond. Sist ved bruk av Kr. 8.000.000,-, til finansiering av fleirbrukshallen.

Kommunestyret ser det som uheldig at det økonomiske handlingsrommet som fylgje av dette er blitt sterkt redusert.

Kommunestyret meiner det er viktig at kommunen også i framtida har disponible fond av ein viss størrelse, og vedtar difor at finansiering av fleirbrukshallen ikkje skal skje gjennom bruk av fond, men i sin helhet finansieres gjennom låneopptak.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

Forslag frå AP Kari Christensen:

Kommunestyret omgjør sitt vedtak om å benytte 8. mill. til delfinansiering av flerbrukshallen, og vedtar at 4.mill. av disposisjonsfondet benyttes til slik finansiering. Da gjenstår 5,5 mill på disposisjonsfondet, som gir et handlingsrom på et nivå som er over landsgjennomsnittet på 6,2%, målt i kommunens driftsinntekter.

### **FS-030/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (AP)

## **031/16: Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap tildeler kr. 25.000,- frå Bokn næringsfond til R S Sveis og Mek, ved Ronny Strøm, i vidareutviklingsmidlar/utviding av verksemda. Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader ved investering i naudsynt utstyr som er minimum det dobbelte av tilskotsbeløpet.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-031/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

## **032/16: Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Bokn formannskap tildeler kr. 25.000 frå Bokn næringsfond til enkeltmannsføretaket «BRYNINGSLAND» i etablerartilskot/investeringstilskot. Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader ved etablering/investering som er minimum det dobbelte av tilskotsbeløpet.

## **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-032/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

### **033/16: Søknad om støtte fra næringsfondet.**

Eirik Nedrebø gjekk frå som ugild.

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap tildeler kr. 25 000,- frå Bokn Næringsfond til RH- Landbrukservice DA i etablerartilskot til dekning av grunnlagsinvestering i produksjonsutstyr. Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader som er minimum det dobbelte av tilskotsbeløpet.

### **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

#### **FS-033/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

### **034/16: Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.**

Eirik Nedrebø gjekk frå som ugild.

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap tildeler kr. 50.000,- til Nedrebø Maskin & Transport AS. Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader ved etablering/investering som er minimum det dobbelte av tilskotsbeløpet.

### **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

#### **FS-034/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

